



Røysterett for Alle er det største koret og treng med andre ord mest plass på sine øvingar.

Bortsett frå Uskedal Musikklag, som har øvd i heile sommar, har det stort sett vore pause i øvingane til kor og korps i Uskedalen og i kommunen. Årsaka er faren for koronasmitte. Musikklaget fann ei løysing med øving i Uskedal Båtlag si strandstove. Blandakoret Røysterett for Alle innstilte drifta inntil vidare. Med klare føringar frå kor- og korpsforbund er mange grupper klar for oppstart.

Korforbundet har sendt ut ei melding til alle sine medlemmer om oppstarten.



Kyrkjekoret Nordsaang legg øvingane til Valen kyrkje.

- Ingen skal gå på øving dersom det er symptom på luftsvogssjukdom
- Sjølv om det lenge sidan ein har vore samla, skal ingen handhelsa eller klemma kvarandre
- Alle skal halda ein meters avstand på øvingane og i pausane
- Alle skal stå/sitja på den plassen ein er tilvist
- Dei som treng vatn i øvingstida eller kaffi pausen, skal ha dette med sjølve. Ikkje mat og drikke på øvingane.

Så langt vi kjenner til har kora og korpsa ein haustplan med dato for faste øvingar.

- Kyrkjekoret Nordsaang byter øvingsdag frå måndagen til onsdagen. Start i Valen kyrkje onsdag 2. september
- Kvartetten ÆRE øver i Uskedal kyrkje med start onsdag 26. august
- Barnekoret Singing Tweens har si fyrste øving måndag 31. august i Uskedal Bedehus
- Rosendal Songlag legg øvingane til Samfunnshuset. Start: Onsdag 9. september
- Strupebandet på Halsnøy tek ikkje til med øvingar i haust
- Husnes Blandakor øver i Kulturhuset Husnes. Start: Tysdag 18. august
- Rustne Menn øver fast i Gamleskulen på tysdagar frå kl. 09.30
- Uskedal Musikklag brukar tysdagen som sin øvingsdag
- Røysterett for Alle vil etter styremøte torsdag i denne veka sei noko om oppstarten. Koret brukar Helgheim. Med 30 songarar på øvingane kan plassen bli i minste laget
- Skulemusikken kjem også ut med sin øvingsplan
- Songundervisning i regi av Maria Malmsten er mellombels flytta frå Stemneplassen til Gamleskulen. Start: Torsdag 27. august.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Edvard Taranger/ Aslaug Hellesøy/ Singng Tweens



Singing Tweens startar 31. august med øving på Bedehuset.